

Sak til Samarbeidsutvala

Går til:	Medlemane i utvalet
Utval:	Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
Dato:	23. februar 2021
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Godkjenning av Handlingsplan for 2021
Saksnummer:	3/21

Bakgrunn

I desember 2020 presenterte Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2020 og forslag til ny handlingsplan for 2021. Av saka gjekk det fram at erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.

I desember møtet var det og høve for Samarbeidsutvala å koma med forslag til endringar av utkastet for handlingsplanen for 2021 og handlingsplanen kjem no ut igjen til endeleg handsaming.

Forslag til handlingsplan for 2021 er sett saman av pågåande tiltak frå handlingsplan for 2020, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem. Basert på erfaringar frå tidlegare år kan det gjennom året og koma til aktuelle saker som må prioriterast, sjølv om dei ikkje kjem med i handlingsplanen.

Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling vert vidareført i handlingsplanen for 2021. Denne planen kan kome til å utløyse ei trong for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil eventuelt fremje ei sak om dette når Felles utviklingsplan er ferdig handsama, mai 2021.

Tiltaka i handlingsplanen for 2020 er oppdatert i tråd med vedtak gjort i SU møta i desember. Gjennom heile 2020 har samarbeidsutvala fått jamleg orientering om status for arbeidet med tiltaka i gjeldande handlingsplan. Det er eit mål å halda fram med dette også i 2021.

Forslag til vedtak

Samarbeidsutvalet for Bergensregionen sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2021.

Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter om å sørge for oppfølging av handlingsplanen.

Vedlegg: Handlingsplan for 2021